

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.21

Stad: Fjordsenteret

### Sak 25/21. Plassering av fjellstyret sine bankinnskot med sikte på betre rentevilkår

#### **Saksopplysning/vurdering**

Fjellstyret har ein «særvilkårskonto» i Sogn sparebank med litt betre rentevilkår enn ein vanleg driftskonto. Med innskot på i gjennomsnitt 2,5 mill kr har renteinntekta gjerne lege på kring 20.000 i året fleire år. Det er denne summen fjellstyret har lagt inn i budsjettet for 2021. I 2020 enda renteinntekta på 13.000, og rentefoten har dei siste månadene gått endå meir ned, til omlag det halve av nivået i 2020. På spørsmål til banken om kva renta ligg på i dag, har eg fått opplyst 0,25 %.

Fjellstyreleiar og dagleg leiar har hatt eit møte med kontaktperson i banken om kva alternativ ein har for å auka renteavkastinga. Me fekk følgjande tre alternativ:

- Sparekonto med 31 dagar binding (uttak må varslast 1 månad på førehand). Her kan Sogn Sparebank tilby 0,5 % rente (12.500 per år med 2,5 mill i innskot).
- Sparesmart.no – ein del av Eika Kreditbank AS. Dette er ein rein nettbank. Her kan det opprettast konto som for tida gjev 0,85 % rente, utan krav til minsteinnskot. (21.250 per år med 2,5 mill i innskot). Ingen bindingstid – overføring til driftskonto når ein måtte ynskja det.
- Plassering av pengar i kredittfond, t.d. Eika Kreditt. Dette er ikkje eit aksjefond - fondet sine midlar vert lånte ut til større verksemder og til det offentlege. Gjennomsnittleg årleg avkasting siste 3 år: 3,78 %. Årlege kostnader på 0,8 % av inneståande må trekkjast frå. Med t.d. 0,5 mill i innskot vil det kunna gje 15.000 i årleg avkasting, basert på dette gjennomsnittet.
- Eg har i tillegg vore i kontakt med Landkreditt bank, som tilbyr plasseringskonto med 1,05 % rente. Her er minsteinnskot 2 mill kr og bindingstid på 31 dagar. Dette gjev 26.000 i årleg renteinntekt med 2,5 mill inneståande.

## SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 8.6.21

Stad: Fjordsenteret

*Sak 25/21, side 2.*

Det kan vera aktuelt å kombinera sparing på konto i Sparesmart eller hjå Landkreditt med plassering av pengar i fond som Eika Kreditt, som historisk har gjeve høgare avkastning enn banksparing. Av kontaktperson i banken har me fått opplyst at risikoen for å gå i minus på dette fondet er relativt låg (moderat), noko som vart dokumentert ved å gå bakover i tid og sjå på utviklinga til fondet. I tillegg fekk me vist kundelista, kven som låner pengar frå fondet. Alt dette er opplysningar som ein finn på nettsida til Sogn Sparebank, som fjellstyret kan sjå på i møtet.

Dette med bindingstid på 31 dagar, som m.a. Landkreditt bank stiller som krav for plasseringskonto, kan i nokre høve vera problematisk. Det krev at overføringane frå sparekonto til driftkonto vert planlagde i god tid før ein får bruk for pengane. Eg ser av kontooversikten at det normalt har vore 3-5 overføringar i året frå fjellstyret sin høgrentekonto til driftskontoen. Sparesmart.no har ingen krav til bindingstid, og vil såleis ikkje krevja like nøyen planlegging av uttaka.

Kontoutskrift for fjellstyret sin særvilkårskonto for dei to siste åra ligg ved.

### **Framlegg til vedtak:**

For å auka avkastinga av fjellstyret sine oppsparte midlar, vert følgjande tiltak sette i verk:

- Fjellstyret opprettar konto hjå Sparesmart.no med eit første innskot på 1,5 mill. kroner.
- Fjellstyret kjøper andeler i fondet Eika Kreditt for ..... kr.

Fjellstyrekontoret, den 1.6.21

Harald Skjerdal



Aurland Fjellstyre  
Onstadvegen 25  
5745 Aurland

## Bevegelser

Konto **[REDACTED]** - Særvilkårskonto

Periode 01.01.2019 - 01.01.2021

Utskriftsdato 28.05.2021 12:16

Dato	Type	Tekst	Beløp	Saldo
31.12.2020	↔	Kreditrente	13 100,47	2 878 243,33
30.12.2020	↷	Overf. til 37452000408	-100 000,00	2 865 142,86
28.12.2020	↷	Overføring Iflg. melding nr. Aurland Fjellstyre Betalingsd...	500 000,00	2 965 142,86
14.10.2020	↷	Overf. til 37452000408	-100 000,00	2 465 142,86
26.03.2020	↷	Overf. til 37452000408	-200 000,00	2 565 142,86
20.01.2020	↷	Overføring Iflg. melding nr. Aurland Fjellstyre Betalingsd...	400 000,00	2 765 142,86
31.12.2019	↔	Kreditrente	21 967,47	2 365 142,86
25.11.2019	↷	Overf. til 37452000408	-200 000,00	2 343 175,39
07.11.2019	↷	overføring	-200 000,00	2 543 175,39
11.10.2019	↷	overføring	-150 000,00	2 743 175,39
12.08.2019	↷	Overføring Iflg. melding nr. Aurland Fjellstyre Betalingsd...	500 000,00	2 893 175,39
08.05.2019	↷	overføring	-100 000,00	2 393 175,39
26.03.2019	↷	Overf. til 37452000408	-200 000,00	2 493 175,39